

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.02.2017 kl. 19.00- 21.00

Tilstade: Gunnar Dalseth, Kenneth Vikane, Marit Huus, Olav Bernt Strømsnes, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Lars Sævarhagen og Una Eiken

Referent: Kaia Gulbrandsen

Sak 2017/7: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent.

Sak 2017/8: Godkjenning av referat frå styremøte 24.01.17

Godkjent

Sak 2017/9: Status på førebuing av årsmøte søndag 26.03.17 kl. 17.00

Valkomiteen har fått oversikt over kven som er på val, og er i gang med sin jobb. Innkalling med fristar for å melde sakar kommer snarleg. Rekneskapet er på veg til revisjon, utkast framlagt styret til informasjon.

Sak 2017/10: Liv og Lyst prosjektet – status

Gunnar har vore på ein to dagars samling på Voss i lag med dei andre Liv og Lyst prosjekta i Hordaland. Det vert ein open samling på Herand Kulturhus torsdag 16.02. Prosjektet vil utforske moglegheiter for Herand innan turisme, aktivitetar/trivsel og arbeidsplassar. Prosjektkomiteen er Gunnar Dalseth (leiar), Marna Roer, Aud Berit Garnes, Reidun Haugen Dalseth og Inger Johanne Linjord.

Sak 2017/11: Søknader for støtte i 2017

Kva tiltak skal Herand Bygdelag søke økonomisk støtte til i vår? Gunnar og Kaia var på infomøte med Hardangerstiftinga på Jondal Frivilligsentral 26.01.17.

- Taket på Båtbyggjarmuseet; her er det ca 70.000,- som ikkje er dekt. I tillegg skal det gjerast ein del utvendig vedlikehald til våren. Kaia sjekkar om det finst støtteordningar retta mot kulturminnetiltak. Gunnar sjekkar status på legat i Granvin.
- Herand Kulturhus; utstyr for lyd/bilete/lys på heile bygget. Brukarlaga må melde ynskje og behov. Marine Harvest har gjeve kr 50.000,- til dette. Budsjett vil bli laga og ev meir midlar bli søkt. Driftsmidlar til lagshus frå Jondal Kommune vil bli søkt.
- Herand Bygdeblad; annonseinntekter frå Sparebanken Vest (kr. 5000,-) må søkjast som allmenntilgjeldende midlar. Kaia ansvarleg for søknad.

Saka skal opp igjen på neste møte.

Sak 2017/12: Forslag om revisjon av vedtekter for bygdelaget

Vedtektene bør reviderast og punkt om eigedomsforhold må takast inn i vedtektene. Bygdelaget fremmar forslag til reviderte vedtekter som sak til årsmøtet.

Sak 2017/13: Grøfting av område ved Meieriet

Herand Bygdelag har bede Hardanger Maskin a/s ved Tore Eiken om å gje pris på grøfting av myra ved Meieriet. Styret følgjer opp saka.

Sak 2017/14: Eventuelt

1. Bygdekafe. Skal dette tiltake vidareførast? Gunnar sender epost til brukarlag av Herand Kulturhus og sjekkar engasjementet. Er det andre idear til enkle, sosiale tiltak i huset?
2. Kjølerom/kjøleskåp på Herand Kulturhus? I staden for å byggje kjølerom, velgjer me å kjøpe eit stort, dobbelt kjøleskåp i tillegg til dei to som alt er i huset.
3. Årsmøte Jondal Frivilligsentral. Herand Bygdelag er største partseigar i Frivilligsentralen. Årsmøtet kolliderer med neste styremøte. Gunnar spør eit par engasjerte bygdefolk om å representere på årsmøtet til Frivilligsentralen.
4. Systemnøklar til Herand Kulturhus. Tapte systemnøklar skal erstattast med kr 300,-. Alle nøklar skal vere signert ut, og intern vidarelevering i lag skal meldes. Ansvarleg er Sigmund Eiken, han har signeringssystem og oversikt over nøkkelsystemet. Nøklar som ikkje er i bruk skal leverast tilbake.
5. Herand Bygdeblad. Det har vore noko vanskar med utsending av faktura for 2017. Nokon har mellom anna fått to rekningar. Dette beklagar me! Ta kontakt om noko er uklart eller ein ikkje har motteke faktura på bladet.